

NVE, Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Naturvernforbundet i Kvam
Porsmyrveg 134
5610 Øystese

Øystese 10.11.18

Uttale til

Søknad om konsesjon etter vannressursloven § 8 for vannuttak og regulering av Eidesvatnet i Kvam Herad

Samandrag: Smoltproduksjonen ved Ljonesvågen med bruk av Eidesvatnet har historisk sett vore problematisk. Anlegget har påverka Eidesvatnet og naturen rundt svært negativt. Det har konsekvent vore ein underrapportering av problematiske sidar ved drifta som kulminerte med bot og konkurs i 2015. Konsesjonssøknaden omtalar ikkje dei tidlegare problem med utrasing av strandsone og ulovleg nedtapping. Biofish hevdar dei har kontroll på vassforbruket gjennom RAS teknologien, men dei siste åra har me sett ein endring i nedbørsstatistikken som kan medføre problem for anlegget. Tørkeperiodar med lite tilsig er ein enorm utfordring og kan som tidlegare vist belaste nærmiljøet betydelig. Ein ny konsesjon bør vere på åremål og stille strenge krav til innrapportering. Reguleringsregimet bør strammast opp til 0,4m med krav om fullt magasin innan 1. april kvart år.

Naturkonsekvensar

32 års drift med settefisk har påverka området rundt Eidesvatnet. Stadige ulovlige nedtappingar har ført til erosjonsskadar på strandsona og tapt biologisk mangfald. Grunneigarar har gjentatte gongar varslet NVE og Kvam herad om problematisk drift av settefisk anlegget, men fått lite gehør. Konsesjonssøkjjar hevder verknader på landskapet er minimale, men dette står i sterk kontrast til godt synlege erosjonsskadar fleire plassar langs Eidesvatnet. Det er uholdbart at ålmenta og enkelte grunneigarar skal vere skadelidande på grunn av dårleg faglig drift av anlegget og eit konsesjonsregime som ikkje er framsynt.

Før anlegget vart etablert og fram til ca 2007 var det påvist ein levedyktig bestand av elvemuslingar i Ljoneselva. Ekstremt lav vassnivå i Eidesvatnet og dermed tørrlegging av elva i kombinasjon med ureining har truleg utrydda bestanden av elvemuslingar.

Elvemuslingar har fått stor oppmerksamheit dei siste åra som ein ressurs i elvemiljøet. Nasjonalt er det fokus på å reetablere slike bestande og Ljoneselva er ein naturleg plass. Området er lett tilgjengelig og arbeidet er ikkje til hinder for settefisk

produksjonen. Ein ny bestand i Ljoneselva kan ha stor verdi i relasjon til undervisning og forskning.

Av andre arter er det også påvist ål. Det er veldokumentert at bestanden av ål i Hardanger og Norge lenge har vore i tilbakegang og er i dag ein «rødliste art». Alt i 2010 vart ålen freda. Ljoneselva er kort og uproblematisk for ålen og forsere og Eidesvatnet kan slik sett bidra til ein positiv utvikling av åle-populasjonen lokalt.

Ljoneselva er viktig for fleire fiskeartar. Lite stigning, kort elv og gjørmete botn i Eidesvatnet bidrar til eit godt habitat for aure, ål, og stingsil. Ein del av utfordringa er å utvikle og bygge ein god inntaksdam som 100% sikrar fisken sine behov og tek vare på landskapet rundt vatnet. Konsesjonsvilkåra må også ivareta minste vassføringa i dei kritiske periodar for ål og sjøaure.

Naturvernforbundet oppfordrar NVE til å stille krav i konsesjonsvedtaket at Biofish medverkar til ein re-etablering av Ljoneselva.

Naturvernforbundet vurderer nedslagsfeltet som marginalt for den planlagte produksjonen med tanke på å ivareta det biologiske mangfaldet. Søknaden omtalar ikkje desse problemstillingar; tvert imot hevder konsesjonssøkjjar at påverknaden på naturmiljøet er «liten/ingen». Lokale observasjonar tilseier at enkelte arter er under sterkt press. Tjønnaks, elvesnelle og botngras er redusert dei siste åra og NVE bør krevja ein tilleggsutgreiing med fokus på det biologiske mangfald.

Smolt produksjonen er delt inn i tre produksjons fasar som alle krevjar meir vatn. Byggjetrinn 2 og 3 er lite omtalt og spesielt byggjetrinn 3 vil mangedoble forbruket av vatn. Ein må forstå forbrukstala som optimale, dvs når produksjonen fungerer optimalt, men ver-historikken og drifts-historikken beskriver ein meir samansett situasjon. I byggjetrinn 3 vert det spesifisert eit vassforbruk på 0-5000 l/min. Eidesvatnet, med eit lite nedslagsfelt, tåler berre ein kort stund eit radikalt vassforbruk på 5m³/min. NVE bør her forlange ytterlegare dokumentasjon på driftskonseptet slik at me får innsikt i utfordringane som følgjer eit slik stort vassforbruk.

Naturvernforbundet ser positivt på Biofish sin ambisjon om ein overgang til RAS teknologien, der målet er å resirkulere vatnet. Ljonesvågen er langgrunn og har lite utskifting av vatn. Vika er også brukt som badeplass og det er etterkvart mange hytter i nærområdet. Skal eit smoltanlegg over tid fungere i ein slik setting utan for mange friksjonar, er det viktig med ein nøye gjennomarbeid konsesjon.

Naturvernforbundet i Kvam
Klaus Rasmussen, leiar

